



Brand Factory Norge AS avd. Østfold
Pb 1084
1705 SARPSBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3699 - 15/33464

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.11.2015

Løyve til oppføring av fasadeskilt - gbnr 188/78 Gjervik Ytre.

Administrativt vedtak. Saknr: 479/15

Tiltakshavar: Kiwi Norge AS
Ansvarleg søkjar: Brand Factory Norge AS avd. Østfold
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppsetting av reklameskilt på to fasadar av bygget på gbnr 188/78. Søknaden er knytt til omprofilering av bygget. Skilta skal i hovudsak plasserast der det tidlegare har stått skilt. Det vert vist til søknad motteke 23.10.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.10.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafør det som i reguleringsplanen for Knarvik Sentrum, planID 1263-201002, er definert som sentrumsføremål.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Søkjar skriv:

«Vi søker om fritak for nabovarsling da det ikkje er av naboers interesse. Dette gjelder omprofilering og vi kan ikkje se at skilting vil være til sjenanse for naboer og vi ser det då ikkje nødvendig å måtte nabovarsle.....»



Kommunen tek vurderinga til etterretning.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i fotoillustrasjon motteke 23.10.2015.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Løyve til omsøkte tiltak føreset at tiltakshavar har dei private rettane til å søkja om og føra opp skilt på bygget.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Brand Factory Norge AS avd. Østfold**, org.nr. 986 297 359, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Brand Factory Norge AS avd. Østfold**, org.nr. 986 297 359, har søkt ansvarsrett som **utførande (UTF) for arbeidet med montering av skilt**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Det er søkt fritak for ansvarsrett for prosjektering av tiltaket. Lindås kommune meiner det omsøkte tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er nødvendig med ansvarsrett for prosjekterande for tiltaket søknaden her gjeld, jf. pbl § 23-1 3.ledd.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av reklameskilt på fasade på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i fotoillustrasjon mottatt 23.10.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Brand Factory Norge AS avd. Østfold	986 297 359	S	1	Ansvarleg søkjar
UTF	Brand Factory Norge AS avd. Østfold	986 297 359	S	1	Montering av skilt

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3699

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om

